



Bygland kommune
Med hjarta i Bygland

Plan for friluftslivet sine ferdselsårer



Høringsdokument 11.04.2024

INNHALD

1	Bakgrunn for planen	3
2	Rammer for planen	4
2.1	Visjon.....	4
2.2	Hovudmål	4
2.3	Delmål	4
2.4	Avgrensingar i planen.....	4
2.5	Metode	4
3	Verknader av planen	4
4	Ulike interesseområde i utmark	4
4.1	Landbruk	4
4.2	Kulturminne	4
4.3	Friluftsliv og folkehelse	4
4.4	Rovfugl	4
4.5	Villrein.....	4
4.6	Reiseliv	9
4.7	Eksisterande turveggar og stiar	9
4.8	Moglege konfliktområde	9
5	Retningslinjer	10
5.1	Allemannsretten.....	10
5.2	Naturvenleg tilrettelegging.....	10
5.3	Munnleg avtale med grunneigar	10
5.4	Skriftleg avtale med grunneigar og tilgang for tilrettelegging.....	10
5.5	Grunneigarsamarbeid	10
6	Traséval	10
6.1	Eksisterande traséar	10
6.2	Nye traséar	10
6.3	Nærleik til bygdelaga.....	10
6.4	Estetikk.....	10
6.5	Løypestruktur.....	10
6.6	Kulturminne	10
6.7	Gamle ferdselsårer.....	11
6.8	Spesielle interesser	11
6.9	Fleirfunksjon/allsidig bruk	11
6.10	Vanskegrad	11
6.11	Grad av opparbeiding	11
6.12	Grunneigar sine ønskje.....	11
6.13	Midt-Agder friluftsråd	11

7	Informasjon, skilting og merking	12
7.1	Informasjon	12
7.2	Skilting, gradering og merking	12
8	Løypekategoriar	12
8.1	Hovudkategoriar traséar	12
9	Drift og vedlikehald	15
10	Finansiering/tilskotsordningar	15
10.1	Bygland kommune sin økonomiplan	15
10.2	Spelemidlar	15
10.3	Tilskot til friluftslivstiltak	15
10.4	SMIL-midlar til private tiltakshavarar	15
11	Ferdselsårer i planen	16
12	Tiltaksplan	17
12.1	Oppfølging av planen	17
12.2	Slik gjer vi det	18
13	Vurdering av innspel til traséar	19

1 BAKGRUNN FOR PLANEN

Stortingsmelding 18 (2015-2016) **Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet** legg stor vekt på å ta i vare og utvikle moglegheitene for å utøve friluftsliv i nærmiljøet, slik at alle har moglegheit til å vere fysisk aktive og oppleve natur i kvardagen.

Planprogrammet for revidering av kommuneplanen som vart vedtatt av kommunestyret 29.05.2019, seier at utarbeiding av sti- og løypeplan skal inngå i planarbeidet. Framtidsbiletet i kommuneplanen sin samfunnsdel seier **at innbyggjarane har gode opplevingar i naturen både langs merka stiar og løyper og i nærmiljøet sitt. Det er lett å kome seg på tur i Bygland.**

Sti- og løypeplan er eit kjent omgrep. Stiar, turvegar og løyper er avgjerande for utøving av friluftsliv, og arbeidet med ferdselsårer har fått ein sentral plass i stortingsmeldinga. I arbeidet med

planen har vi lagt Miljødirektoratet sin rettleiar M-1292 (2019) **Plan for friluftslivets ferdselsårer** til grunn, og difor valt å nytte same namn på vår plan.

Føremålet med planen er å identifisere, ivareta og utvikle friluftslivet sine ferdselsårer samtidig som ein tek omsyn til naturmangfaldet og tek omsyn til sårbare artar. Det å gå på tur er viktig for folk si helse og livskvalitet, og det er eit mål for friluftslivspolitikken at alle skal ha moglegheit til å drive friluftsliv i nærmiljøet og naturen elles.

I samband med revidering av kommuneplanen sin arealdel vart det etablert ei administrativ arbeidsgruppe med mål om å utarbeide ein plan for friluftslivets ferdselsårer (da kalla sti- og løypeplan). Arbeidsgruppa har rapportert til prosjekt- og styringsgruppa for kommuneplanen sin arealdel.



HENGEKØYETUR Foto: Sonja Lien Skjevraak

2 RAMMER FOR PLANEN

2.1 Visjon

Bygland kommune skal legge til rette for ferdselsårer i naturen til beste for fastbuande og tilreisande, og dermed ha eit godt tilbod innan friluftsliv.

2.2 Hovudmål

Planen har som mål å auke tilrettelegginga og opparbeidingsgraden av eksisterande ferdselsårer, samt vere eit grunnlag for å opparbeide nye.

Ei betre tilrettelegging av turstiar og turvegar i Bygland skal auke attraktiviteten for eigne innbyggjarar og besøkande. Planen skal vere eit bidrag til betre folkehelse, auka bulyst, trivsel og livskvalitet.

Planen skal vektleggje ei lik utforming og naturvennleg tilrettelegging, også når det gjeld informasjon.

2.3 Delmål

Plan for friluftslivet sine ferdselsårer i Bygland skal:

- Omfatte tilretteleggingstiltak for friluftsliv og danne grunnlag for prioritering av tiltak.
- Bidra til å få ei oversikt over dagens situasjon og synleggjere behov for nye traséar og restaurering av eksisterande traséar.

- Gi forslag til arbeidsfordeling mellom kommunen og frivillige organisasjonar når det gjeld tiltak innan oppgradering, drift og vedlikehald.
- Definere ulike kategoriar for sti- og turvegar, og angi standard for skilting og merking i kommunen.
- Inngå avtale med grunneigarar.

2.4 Avgrensingar i planen

Planen er tematisk avgrensa til å gjelde fotturar og skiløyper. Det er både ønskeleg og nødvendig med meir kunnskap om ferdselsårer på vatn og moglege sykkelruter. Desse ferdselsårene er ikkje teke med i denne planen, då dette hadde blitt for omfattande i denne omgang. Geografisk gjeld planen for Bygland kommune.

2.5 Metode

I utarbeidinga av planen er det lagt vekt på å involvere Bygland sine innbyggjarar, og frivillige lag og foreiningar i arbeidet med å foreslå ferdselsårer som kan inngå i planen. Fleire av innspela går igjen og har difor fått høgare prioritet. Vi har hatt fokus på å legge til rette for ferdselsårer i nærleiken av der folk bur. Det har også vore ei målsetting å få med traséar av ulik vanskegrad.

3 VERKNADER AV PLANEN

Plan for friluftslivet sine ferdselsårer er ein temaplan. Den er ikkje juridisk bindande, men skal vere retningsgivande for kommunal saksbehandling.

Planen skal bidra til å fremje befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å god psykisk helse som ein del av folkehelselova.

Planen dannar grunnlag for å sikre temaet i planar etter plan- og bygningslova som kommuneplan, reguleringsplanar og anna detaljplanlegging. Fysisk tilrettelegging av eit visst omfang må bli avklart i samråd med plan- og bygningslova.

Nye traséar må bli klarert i forhold til naturmangfaldlova og kulturminnelova. Det betyr at omsynet til kulturminne, sårbare artar og naturtypar skal bli vurdert før konkrete tiltak blir gjennomført.

Planen vil også danne grunnlag for å søkje midlar som spelemidlar, sikringsmidlar, private midlar m.m.

4 ULIKE INTERESSEOMRÅDE I UTMARK

4.1 Landbruk

Bygland kommune er ein jord- og skogbrukskommune. Mykje av utmarksarealet blir nytta som beiteområde for småfe og storfe, men tal beitedyr har gått gradvis ned. Det blir drive skogbruk i utmark. Dei mange skogsvegane og turstiane blir nytta aktivt til friluftsliv. Det er også utbreidd små- og storviltjakt om hausten. Sjølv om friluftsløva slår fast at det er fri ferdsle i utmark, er det viktig at all tilrettelegging i dei ulike områda skjer i samarbeid og forståing med dei aktuelle grunneigarane.

4.2 Kulturminne

I utmarka er det mange spor etter tidlegare ferdsle og aktivitet. Bygland kommune har god oversikt over dei viktigaste kulturminna i kommunen, og har utarbeidd ein eigen temaplan for kulturminne **Rotfest framtid (2020)**. Dei kulturminna som automatisk er freda, er det spesielt viktig å unngå konflikter med. Informasjon om kulturminne ved eller i nærleiken av turstiar, vil kunne gje turopplevinga ein ekstra dimensjon, men må utformast og balanserast med omsyn til kulturminne og naturmiljø.

4.3 Friluftsliv og folkehelse

Friluftsliv er viktig for folkehelsa. Tilrettelegging for det enkle friluftslivet er difor ei god investering i det førebyggjande helsearbeidet. Spesielt viktig er tilrettelegging for lågterskeltilbod i nærmiljøa som eignar seg for mange, anten dei er unge eller eldre. Tilrettelegging av turveg i sentrumsområda på Byglandsfjord og Bygland er gode døme på tiltak som er eigna for aktivitetar for alle grupper. I slike område er det viktig å sikra god framkomst, kvilebenkar og lyssetting.



TURVEG Foto: Sonja Lien Skjevraak

4.4 Rovfugl

Vi har mange sårbare rovfuglartar i Bygland. Felles for desse artane er at dei har lett for å sky reiret dersom dei blir forstyrra av menneske. Ved opparbeiding av ferdselsårer er absolutt minstegrense til ørn og hubro 400 meter. Til dei mellomstore rovfuglane bør grensa vere minimum 200 meter.

Hekkeplassane er unntatt offentlegheit, men kommunen har tilgang til databasen for sensitive artsdata og har brukt informasjonen til å vurdere dei enkelte traséane. Dette arbeidet er utført i samarbeid med statsforvaltaren i Agder.

4.5 Villrein

4.5.1 Heiplanen

Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen) frå 2013 gir mål og retningslinjer for forvaltning av villreinen. Av planen går det fram at ein har delt opp areala i ulike arealsonar. Sonene som ligg i plankartet er nasjonalt villreinområde, omsynssone villrein, omsynssone trekkområde og bygdeutviklingssone. Av stiane og løypene som ligg i planen, er det DNT sitt løypenett på Setesdal Vesthei som går inn i nasjonalt villreinområde. Villreinen i Setesdal Vesthei er Europas sørlegaste villreinstamme. I Heiplanen står det bl.a. følgjande delmål:

- Sørge for tilstrekkeleg leveområde for å oppretthalde ein livskraftig bestand i eit langsiktig perspektiv.
- Ivareta nødvendige trekk for at villreinen skal utnytte (de to) villreinområda best mogleg.
- Gi rammer for styring av ferdsel og anna aktivitet slik at omsynet til villreinen sin områdebruk over årstidene blir tatt i vare.
- Bidra til å redusere konflikt mellom menneske og villreinen.
- At rekreasjon, friluftsliv, natur- og kulturbasert aktivitetar gir grunnlag for bulyst, gode opplevingar og næringsliv.
- Rammer for vidareutvikling av området som viktig friluftsområde for besøkande.

4.5.2 Ferdsler i Setesdal Vesthei inn i Bygland kommune

Mesteparten av ferdsler inn i nasjonalt villreinområde i Bygland kommune vil ha utgangspunkt i frå Bortelid, Ljosland, Sinnes, Langeid eller turgåarar som kjem via DNT sitt løypenett i frå Valle.

Tabellen under syner overnattingstal på DNT Sør sine hytter i Bygland kommune i frå 2019-2022.

Overnattingstal DNT Sør

	2019	2020	2021	2022
Josephsbu	498	396	345	484
Gaukhei	793	1145	781	982
Tjønndalen	312	194	178	220

Kjelde: DNT Sør

Det er ingen bilveggar eller regulerte vatn i nasjonalt villreinområde som ligg i Bygland kommune, men inngrep i andre kommunar kan påverke villreinen sin arealbruk i vår kommune i tillegg til menneskeleg ferdsel.

4.5.3 Kvalitetsnorm og tiltaksplanar

Regjeringa har etablert ein kvalitetsnorm for villreinen. Kvalitetsromen i Setesdal Vesthei er klassifisert som dårleg (raud). I kvalitetsnorm for villrein har ein blant anna sett på villreinen sin bruk av areal. Her ser ein at store delar av løypenettet til DNT Sør i Bygland kommune, går i område som både er definert som kalvings- og oppvekstområde, sommar- og haustbeite og vinterbeite. I tillegg er det skissert eit trekkområde vest for Gaukheivatnet som det må bli tatt omsyn til.

For å betre tilhøva for villreinen skal det bli utarbeidd tiltaksplanar. Statsforvaltaren i Agder har utarbeidd utkast til tiltaksplanar. Meir om dette arbeidet finn ein under [Kunnskapsgrunnlaget for Setesdal Ryfylke villreinområde](#) og [Utkast til tiltaksplanar SAVR](#).

4.5.4 GPS – merkeprosjekt

Villreinen sin arealbruk i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane er studert bl.a. gjennom


- GPS-merkeprosjekt Villreinens bruk av Setesdalsheiene 2006-2010
- GPS villreinprosjekt i Setesdal-Ryfylke – avbøtande tiltak 2011-2018
- Hjorteviltkartlegging Hardangervidda og Setesdal

I NINA rapport 2189 har ein sett på ulike simuleringsalternativ ved flytting av DNT-hytter. Blant anna har ein sett på kva følgjer flytting av Øyuvsbu i Valle kan få på funksjonalitet og forflyttingsruter for villreinen i dag.


GPS plott syner at det er delar av nasjonalt villreinområde som er lite bruka av merka villreinen. Samtidig ser ein at store delar av DNT-løyper går i område der villreinen har tilhald.

Jan Ove Pytten Flodquist har munnleg meldt at det i 2020, når hytta vart stengt ned pga. korona, kom ein flokk på ca. 20 villrein sør for Halvorsvatnet.

Karta under syner høvesvis plott av **GPS-merka simler og bukkar** i Bygland kommune i perioden 2006 – 2023. DNT sine sommarløyper er stipla med raudt.



GPS-merka simler Kjelde: Dyreposisjon.no



GPS-merka bukkar Kjelde: Dyreposisjon.no

4.5.5 Kanalisering av turgåarar

Med denne planen ønskjer ein i størst mogleg grad å kanalisere turgåarar og skiløyparar vekk frå dei mest sårbare områda. Det er ikkje ønskjeleg å etablere nye traséar inn mot eller i villreinen sitt leveområde, men det kan vere aktuelt å fjerne eller flytte stiar. Vi veit at mykje brukte stiar kan føre til at stien verker som ein barriere for villreinen. Med overnattingsbesøk på over 1000 døgn på Gaukhei turisthytte, kan det tenkast at løypenettet til tider er så mykje i bruk, at det enkelte dagar gjer til at reinen føretrekkjer andre område.

Kommunen har hatt digitalt møte med DNT Sør og SVR der vi presenterte forslag frå grunneigar om å flytte DNT-hytta Josephsbu nærare Pytten. Dette for å redusere dagsturane inn til Josephsbu og gjerne redusere ferdsel aust-vest. DNT Sør har i utgangspunktet ingen planar om flytting av Josephsbu.

I samband med auka regulering av Langevatn har det blitt bygd traktorveg rundt Langevatn med bru over Monn i Åseral. Frå brua har ein sett på ei løysing der ein legg om vintertrasé om Nedre og Øvre Vevatn og møter eksisterande vinterløype

ved Vevastjønn. Traséen vil kunne vere positiv i høve villrein, men kan ha negative konsekvensar i høve andre sårbare artar. For 2023 er ny trasé godkjent som ei mellombels løysing.

Plan for friluftslivet sine ferdselsårer skal vere ein levande plan. Vi ser for oss at det må gjerast tiltak for å redusere ferdsel i sentrale delar av villreinområde, og at vi i større grad får tilrettelagte stiar utanfor villreinen sine leveområde. Arbeidet med tiltaksplanar for å betre tilhøva for villreinen, vil nok sette fokus på dei mest påverka områda der føresetnadane for ein vellykka gjennomføring er størst. Sjølv om desse områda ligg utanfor Bygland kommune, vil dei forhåpentleg føre til at villreinen i større grad kan nytte områda her i sør. Løypenettet som ligg her i dag må då gjerne bli justert.

Kartet under syner **DNT sine sommarløyper** markert med raudt og **DNT sine vinterløyper** markert med blått.



DNT sitt løypenett på Vestheia Kjelde: Statens kartverk/norgeskart.no

4.6 Reiseliv

Bygland er ingen stor reiselivskommune, men vi ser at tilrettelagde naturopplevingar er ein viktig del av opplevingstilbodet for dei som besøker kommunen vår. Fotturar er mykje brukt, og er eit attraktivt tilbod, særleg i sommarhalvåret. Her er tilkomst og merking frå hovudveg og parkeringsplass viktig. Utvalde turløyper med informasjon på fleire språk vil også vere viktig for å styre trafikken, og gjere ferdsel på eiga hand så trygg som mogleg.

4.7 Eksisterande turveggar og stiar

I samband med regionalt samarbeidsprosjekt i 2014 vart det gjennomført skilting og merking av 8 utvalde turruter i kommunen. Saman med skogsvegnettet og mange gamle ferdselsruter knytt til mellom anna støylsdrift, drifteveggar for dyr på sommarbeite, og ferdsel til fots over fjella som transportveg, har ført til svært mange ulike turruter. Bruken av dei ulike rutene varierer frå svært mykje brukt til tilgrodd og ikkje synleg sti. Det manglar avtalar om vedlikehald av stiar, og det er manglande kontinuitet i arbeidet med skilting og merking. I planarbeidet er det eit mål å sikra at dei rutene som er med i planen, blir haldne på ein god måte, men med ulik grad av tilrettelegging.

4.8 Moglege konfliktområde

Husdyr på beite kan bli uroa av ferdsel då beite og utøving av friluftsliv ofte skjer i dei same områda og følgjer dei same stiane. Ein må difor vise omsyn gjennom å ferdast aktsamt i område med beitedyr. Særleg viktig er det at bandtvangen for hund blir respektert.

Stor bruk av ferdselsårer i utmark kan medføre skader på vegetasjon som er sårbar. Merka turløyper kan vere eit godt tiltak for å styre trafikken vekk frå busetnad, sårbare område og område med stor fare for konflikt. Tilfeldig parkering ved turutgangspunkt, langs veg og i beiteområde kan gi skade på bilar og vere til hinder for landbruksdrifta.

Bygland har eit aktivt jaktmiljø med små- og storviltjakt i perioden 10. august til og med 23. desember. I haustmånadane kan det oppstå konflikt mellom jakt og anna friluftsliv. Skilting av jakt kan vere eit tiltak i område med merka turløyper.

Ferdsel innafor villreinen sitt leveområde påverkar dyra sine naturlege trekkurter og kalvingsområde. Dyra er mest sårbare på ettervinteren, og da er det ekstra viktig å unngå forstyringar. Eit viktig prinsipp er å ikkje etablere nye løyper som opnar opp ny ferdsel langt innover i villreinområdet. I tillegg må løypene kunne bli stengt ned visst forholda i fjellet er vanskelege for villreinen.

5 RETNINGSLINER

5.1 Allemannsretten

Friluftslova gjev allmennheita rett til ferdsel, hausting, opphald og aktivitet i naturen uavhengig av kven som eig grunnen. Ferdselen skal skje omsynsfullt og med rimeleg varsemd. Kommunen har eit ansvar for å fremje innbyggjarane si interesse for friluftsliv. Kommunen kan dermed utarbeide turkart der eksisterande ferdselsårer er innteikna utan at det må ligge føre avtale med grunneigar om dette. Likevel bør ein alltid søkje å halde grunneigar informert.

5.2 Naturvenleg tilrettelegging

Når ein legg til rette for friluftsliv, må ein avvege

Rett til tilrettelegging kan bli gitt gjennom:

- Frivillige avtaler med eller utan vederlag, tinglyst eller ikkje tinglyst.
- Rett til å merke turtraséar etter friluftslova §35.
- Erverv (avtale om kjøp, bruk av offentleg forkjopsrett, ekspropriasjon).

mellom det å bevare natur- og kulturlandskapet mot det å legge til rette for at heile befolkninga skal kunne utøve friluftsliv. Med naturvenleg tilrettelegging meiner ein alle dei omsyn som må gjerast, for at tilretteleggingstiltak for friluftsliv skal bidra til å ivareta opplevingskvalitetar samstundes som det ikkje fører til unødige inngrep i naturmiljøet og kulturlandskapet.

Bygland kommune bør legge rettleiaren M1326 (2019) **Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv**, samt rettleiaren V-0939B (2008) **Tilrettelegging av turvegar, løyper og stiar** til grunn i alle prosjekt som

inneber tilrettelegging av ferdselsårer. Ved tilrettelegging i verna område skal statsforvaltaren si miljøvernavdeling bli kontakta.

5.3 Munnleg avtale med grunneigar

Ved tilrettelegging og merking av enkle stiar er det ofte tilstrekkeleg å få munnleg tillating frå grunneigar. Ein bør dokumentere desse ved å sende brev med kart over traséen og ei oppsummering av vilkåra ein er samde om.

5.4 Skriftleg avtale med grunneigar og tilgang for tilrettelegging

Tilretteleggingstiltak ut over vanlig bruk, f.eks. opparbeiding av nye stiar og turvegar, vesentlege utvidingar eller endring av eksisterande stiar/vegar, fjerning av vegetasjon og steinar, bygging av klopper og gjerdeklyver, merking og skilting, krev avtale med grunneigar eller rett sikra på annan måte. Avtalen bør helst vere skriftleg for å forhindre framtidige tvistar. Dersom avtala blir tinglyst, har ein sikra seg at retten også kan gjelde ovanfor nye grunneigarar. Tillating frå grunneigar må vere innhenta før tilretteleggingsarbeidet blir sett i gong.

5.5 Grunneigarsamarbeid

Grunneigarsamarbeid er ein viktig nøkkel til suksess i arbeidet med ferdselsårer. Alle grunneigarar involvert i turstiar som er teke inn planen, har fått tilsendt brev med informasjon om planarbeidet og utkast til grunneigaravtale. Ein bør prøve å få til munnlege eller skriftlege grunneigaravtaler der ein ønsker å auke tilrettelegginga for friluftsliv.

HEIEVATN Foto: Knut Olav Forgard



6 TRASÉVAL

6.1 Eksisterande traséar

6.1.1 Bygland kommune

Det var i utgangspunktet 8 tilrettelagte turstiar som kommunen er ansvarleg for. I tillegg er det eksisterande ljosløype på Heistad og delvis i Bygland sentrum. Det har også blitt køyrt opp skiløyper i Tangen-området. Det er fleire aktørar som har bidratt til tilrettelegging. Kommunen har gjerne hatt roller som rådgjevar, bidragsytar og tilretteleggar for å bidra til at frivillige lag, foreningar og privatpersonar kan gjennomføre desse prosjekta. Arbeidsgruppa har hatt dialog med grunneigarane for å avklare om dei framleis ønskjer tilrettelegging og merking av desse turstiane, og om dei ønskjer grunneigaravtale.

6.1.2 DNT

DNT Sør har eit etablert løypenett med både sommartursti og vinterløyper på vestheia. I tillegg ligg det tre DNT hytter innanfor kommunegrensa. Det pågår eit prosjekt som ser på løypenettet sin påverknad på villreinen. I prosjektet blir det vurdert flytting av traséar og DNT-hytter til det beste for villreinen.

6.1.3 Reiårsvatn velforening

Reiårsvatn velforening driftar og vedlikeheld turstiar og skiløyper i området rundt Reiårsvatn. I planprosessen vart det vurdert å legge desse traséane inn i plankartet. Reiårsvatn velforening har avtalar med grunneigarane og har utarbeidd eigne løypekart. Bygland kommune ser det som fornuftig at velforeninga har dialog med grunneigarane, og ser at velforeninga legg til rette for ferdsel i området på ein god måte. Kommunen har valt å ikkje inkludere traséane i planen pga. manglande parkeringsmoglegheiter. Det har ikkje vore direkte dialog mellom kommunen og grunneigarane.

6.2 Nye traséar

I planarbeidet vart innbyggjarar og andre interesserte invitert til å kome med forslag til nye traséar. Det kom inn forslag til 60 nye traséar. Nokre av traséane vart foreslått av fleire. Arbeidsgruppa har gjennomført ei heilskapleg vurdering av traséane med følgjande vurderingskriterium:

- Avtale med grunneigar
- God fordeling innanfor kommunen

- Omsyn til sårbare artar
- Parkeringsmoglegheiter

Samla sett er 17 turstiar og 2 skiløyper avklart i dialog med grunneigarar.

6.3 Nærleik til bygdelaga

90% av turfolket nyttar stiar og løyper framfor å gå i terrenget. Dette gir moglegheiter til å leie publikum utanfor sårbare område så vel som beiteområde. Av omsyn til miljøet bør det vere eit mål å avgrense bruk av bil for å kome seg til dei ulike stiane. I planlegginga vil difor nærleik til befolkningskonsentrasjonar vere eit viktig kriterium ved prioritering av tiltak. Gode korridorar for å komme seg inn og ut på stien er bra, også for å sikre ein god distribusjon av folk langs traséen. Område med fritidsbustadar inngår også i her.

6.4 Estetikk

Løyper som framstår som meir attraktive visuelt sett, vil bli prioritert først. Det kan være løyper med kvalitetar som langs elv, vatn eller foss, i skogen eller flotte utsiktspunkt.

6.5 Løypestruktur

Rundløyper er betre enn løyper kor ein må gå same veg i retur. Løyper som linkar inn med andre stiar i nærleiken slik at ein har fleire valmoglegheiter, er også bra.

6.6 Kulturminne

Jf. Bygland kommune sin kulturminneplan **Rotfest framtid (2020)** er det i praksis umogleg å få eit fullstendig oversyn over kulturminna. Til det er omfanget for stort. Eit søk i Noreg si nasjonale kulturminnedatabase, Askeladden, synte eit grovt anslag på ca. 500 registrerte kulturminne i Bygland. Det er lokalisert fleire kulturminne i kommunen som har store verneinteresser. Dei fleste turgåarar vil ha stor glede av kulturminne langs ruta om det finst tilstrekkeleg med informasjonsskilt. Det er derfor positivt om traséar blir lagt i tilknytning til kulturhistoriske verdiar. Skal det bli etablert ferdselsårer med formål om tilrettelegging for allmenta for å få lett tilgang på kulturminne og kulturhistorie, bør dette skje i nært samarbeid med kulturminnemyndighetene.

6.7 Gamle ferdsselsårer

Merking, rydding og skilting av gamle ferdsselsårer bør bli prioritert og forankra i kommuneplanen sin handlingsdel. Det er fleire slike ferdsselsårer i Bygland kommune. Nokre av dei er synlege i terrenget. Traséar kor ein kan kople på gamle historier eller segn, gjer turar meir spanande for folk å oppsøkje.

6.8 Spesielle interesser

Målsettinga for val av traséar har vore å etablere ferdsselsårer med utgangspunkt i alle bygdelaga i kommunen. Dette har vi ikkje klart å oppnå, grunna hindringar som manglande parkering, omsyn til sårbare artar med meir.

Ferdsselsårer med attraksjonar for dei med interesser innan flora, fauna, geologi, jordbruk, industri o.l. kan vere viktig kriterium for val av stiar og turveggar. Dette må sjåast i samanheng med kartlegging og verdsetting av viktige friluftsområde i Bygland kommune. I tillegg kjem interesser frå landbruk og sårbare artar inn som viktige moment å ta omsyn til.

6.9 Fleirfunksjon/allsidig bruk

Traséval må planleggast for tilrettelegging for flest mogleg brukarar og funksjonar. Dette kan vere:

- Trasé som stimulerer til idrett og friluftsliv for alle.
- Skiløype der det er naturleg.
- Turtrasé for gåande, dei med barnevogn, joggarar, syklistar og rullestolbrukarar.

Desse retningslinene er i tråd med Kultur- og kirkedepartementet sin rettleiar V-0987B (2008) **Tilrettelegging av turveggar, løyper og stiar.**

6.10 Vanskegrad

Det vil vere fornuftig å finne ein god kombinasjon av stiar og turveggar av ulik vanskegrad og lengde ved prioritering.

6.11 Grad av opparbeiding

Stiane og turvegane vil også bli vurdert opp mot kvarandre ut i frå eit kostnadsperspektiv i både opparbeiding og vedlikehald. Stiar og turveggar som er lette å opparbeide, vil bli prioriterte.

6.12 Grunneigar sine ønskje

Samarbeid med grunneigarane har i stor grad blitt vektlagt i arbeidet med planen. Arbeidsgruppa har hatt dialog med alle rørte grunneigarar, og det er berre traséar der grunneigar er positiv til rydding og merking, som er lagt inn i plankartet.

6.13 Midt-Agder friluftsråd

Bygland kommune er medlem av Midt-Agder friluftsråd (MAF) saman med 10 andre kommunar i Agder. MAF skal mellom anna fremje eit enkelt, aktivt, allsidig og miljøvenleg friluftsliv. Dei tilbyr opplæring og aktivitet med basis i regionen sine friluftsmoglegheiter. Eit av prosjekta dei er medansvarlege for er den elektroniske løysinga for turregistrering **TellTur**. Løysinga har også turar innanfor Bygland sine grenser, og turane blir i hovudsak meldt inn av private. Desse turane er ikkje merka eller rydda, og berre angitt på nettsida telltur.no eller i appen «Norgeskart friluftsliv».

JETTEGRYTE Foto: Knut Olav Forgard



7 INFORMASJON, SKILTING OG MERKING

7.1 Informasjon

Ferdelsårene som er lagt inn i planen, vil ein finne informasjon om på kommunen sine heimesider og sosiale medium.

Det finst fleire digitale turplanleggjarar som er opne slik at alle kan melde eller legge inn turstiar og -vegar. Eksempelvis kartverket si løysing rettikartet.no, friluftsråda si løysing telltur.no og DNT si løysing ut.no. Ved hjelp av dei digitale turplanleggjarane kan brukarane laste ned kart og turskildringar til å ta med seg ut på tur. GPS-filer av turruta er det også mogleg å laste ned.

7.2 Skilting, gradering og merking

For å gjere det lettare og tryggare å finne fram i eit område, er det nødvendig med god skilting og merking. Det er utarbeidd ein standard for skilting i Setesdal som blir følgd opp av Destinasjon Hovden. Vi legg til grunn nasjonal standard for merking av turstier og turløyper. Ved starten av kvar sti/turveg bør det stå ei starttavle som viser kvar turen går i eit oversiktleg kart. Oversiktskartet skal ha merka løyper gradert med fargekoder ut frå vanskegrad. Når det gjeld merking langs traséen,

så blir det utført i samsvar med DNT si handbok for tilrettelegging av turruter i fjellet, i skogen og langs kysten; www.merkehandboka.no. Det er ønskjeleg å markere sjåverdigheter, viktige knutepunkt, bålplassar, gapahukar, badeplassar, fiskeplassar i oppslagstavler ved turstart. Det er viktig å vise til kontaktpersonar for sal av fiskekort i området, visst eigna stader for dette går fram av oppslagstavla. Det skal også vere informasjon gjeldande sporlaus ferdsel, bandtvang, bufe på beite og lokale reglement for området visst det er aktuelt.

7.2.1 Skilt til utlån

Bygland kommune skaffar eigna skilt til utlån som kan bli nytta ved tømmerdrifter.



EKSEMPEL PÅ SKILTING Foto: Inge Olav Fjalestad

8 LØYPEKATEGORiar

Sti- og turløypenettet i Bygland består av ei rekke ulike stiar, turvegar, anleggsvegar, landbruksvegar, skogsbilvegar og gamle ferdselsvegar. Sjølv om denne planen er avgrensa til i hovudsak å gjelde turstiar og turvegar, bør det ved prioritering av tiltak bli lagt stor vekt på at løypene også skal kunne bli brukt på vinteren, der det er mogleg.

8.1 Hovudkategoriar traséar

I denne planen opererer vi med turvegar og turstiar som hovudkategori for barmarksbruk. Vi har også tatt med skiløyper i denne planen, i dei områda det blir køyrt løyper i dag.

8.1.1 Turvegar

Turvegar er fleirfunksjonelle traséar med høg utnyttingsgrad for ferdsel til fots, med sykkel, barnevogn eller rullestol. Dei har stor grad av opparbeiding, gir god framkomst, må tole køyring

med vedlikehaldsmaskiner, og skal ha eit fast og jamt toppdekke. Parti kan vere spesielt tilrettelagt for rullestol gjennom asfaltering. Vegane er rydda, merka og skilta. Heilårsbruk er ønskjeleg. Dette er mest aktuelt i nærområdet til Byglandsfjord og Bygland.

Ved asfaltering av turveg er det tilrådd minimum 3 m breidde - asfaltbreidde 2,5 m, resten grus.

Nærmare spesifikasjonar:

Lys:	Bør vere lyssetting
Anbefalt breidde:	Samla ryddebreidde (bruksbreidde + kantar) 4-5 meter
Bruksbreidde:	2,5-3 meter (andre mål kan bli nytta)
Lengde:	Min. lengde 2 km (1 km i spesielle tilfelle)
Avtaleperiode:	10 år skriftleg avtale
Krav om tinglysing:	Nei

8.1.2 Turstiar

Turstiar er primært for ferdsel til fots. Traséen er rydda, merka og med ein avgrensa grad av opparbeiding. Turstien er oftast knytt til natur- og friluftsområde, og framkomsten er forbetra ved å leie bort overvatn og å bygge klopper/mindre bruer.

Nærmare spesifikasjonar:	
Lys:	Kan vere lyssetting
Anbefalt breidde:	Samla ryddebreidde (bruksbreidde + kantar) 2 meter
Bruksbreidde:	1-1,5 meter (andre mål kan bli nytta)
Lengde:	Ingen krav
Avtaleperiode:	10 år skriftleg avtale, ned til 1 år i spesielle tilfelle
Krav om tinglysing:	Nei

8.1.3 Turløyper (ski)

Turløyper er traséar for turgårarar på ski som er rydda og gjort godt framkommeleg for skiløyparar og for løypemaskiner og nødvendig vedlikehaldsutstyr. Dei har ein større grad av opparbeiding av grunnen enn ein tursti (god berevne), har eit jamt toppdekke og er normalt grøfta/har stikkrenner. Traséane langs veg har solid og godt drenert underbygging.

Nærmare spesifikasjonar:	
Lys:	Bør vere lyssetting
Anbefalt breidde:	Samla ryddebreidde (bruksbreidde + kantar) 6-8 meter
Bruksbreidde:	3-4 meter (andre mål kan bli nytta)
Lengde:	Min. 2 km
Avtaleperiode:	40 år skriftleg avtale, 25 år i spesielle tilfelle
Krav om tinglysing:	Nei

8.1.4 Andre prosjekt

I tillegg til turstiar og turveggar opnar også planen for andre prosjekt som eks. bru prosjekt, lysløyper, opparbeiding av mindre parkeringsplassar, skilting, aktivitetsløyper, gapahukprosjekt etc. Ved tilrettelegging av turveggar, løyper og stiar syner vi til rettleiaren V-0939B (2008) **Tilrettelegging av turveggar, løyper og stiar.**



TOLHOMRENN I PREPARERTE LØYPER Foto: Ingvild Nordgarden

9 DRIFT OG VEDLIKEHALD

Skal ein lukkast med eit godt nett av turløyper over tid, er det viktig at skilta og merka turruter blir halde ved like. Det krev årleg tilsyn og eit godt samarbeid mellom frivillige, grunneigarar og kommunen. Det bør kvart år bli sett av kommunale midlar til drift og vedlikehald av ferdsselsårer. Når ferdsselsårene er ferdigstilt, er tilretteleggar ansvarleg for drift og vedlikehald av prosjekta i samråd med grunneigar.

Idrettslag, grunneigarar, eldsjeler og mange andre gjer ein verdfull innsats ved både opparbeiding og vedlikehald av løypenettet i kommunen. Det er viktig å ta vare på samarbeidet og utvikle dette vidare i planperioden.

Kommunen som tilretteleggar, bør inngå skrivne avtaler med det enkelte lag eller foreining som tar på seg drift og vedlikehald. Bygland frivilligsentral skal stå for prioritering og leiing av vedlikehaldsarbeidet, samt å passe på at arbeidet skjer i samsvar med retningslinene som er utarbeidd i denne planen med tanke på skilting, merking og naturvenleg tilrettelegging. Vedlikehald av ferdsselsårer består i hovudsak av kvisting, rydding (inkl. søppel), merking samt sjekk av bruer, gangbaner/klopper, gjerdeklyver, skilt og liknande.

Som ein del av informasjonsstrategien i denne planen, er det også ønskjeleg at kvar tur som blir tilrettelagt, også blir gått opp med GPS og at det

blir laga ei beskriving av turen som kan bli presentert på internett (for eksempel www.ut.no).



BRU Foto: Inge Olav Fjalestad



GJERDEKLYVER Foto: Inge Olav Fjalestad

10 FINANSIERING/TILSKOTSORDNINGAR

10.1 Bygland kommune sin økonomiplan

I Bygland kommune sin økonomiplan er det ikkje sett av midlar til prosjekt for ferdsselsårer. Dette må bli innarbeidd i framtidig økonomiplan for å kunne realisere prosjekt.

10.2 Spelemidlar

Tilskotsordninga fordeler en del av overskotet i Norsk Tipping til idrett og fysisk aktivitet, og omfattar ordinære anlegg, nærmiljøanlegg og anlegg i fjell og langs kysten. Prosjekta det blir søkt om spelemidlar til, må vere beskrive i plan for fysisk aktivitet og friluftsliv. Søknadsfrist varierer med type søknad, og elektronisk søknadsskjema finst på idrettsanlegg.no.

10.3 Tilskot til friluftslivstiltak

Det finst ei rekke tilskotsordningar frivillige organisasjonar kan søke på. På Tilskotsportalen finn ein oversikt over mange av desse.

10.4 SMIL-midlar til private tiltakshavarar

Tilskot til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL-midlar) har bl.a. som formål å ivareta natur- og kulturminneverdiane i landbruket sitt kulturlandskap. Aktuelle tiltak kan vere tilrettelegging for betre tilkomst og opplevingar i landskapet. Midla blir forvalta over landbruksdepartementet sitt budsjett til tiltak i regi av eigarar/driverar av landbrukseigedomar, medan kommunen behandlar og innvilgar søknadene.

11 FERDSELSÅRER I PLANEN

Oversikt over dei 32 turstiane, turvegane og turløypene innarbeidd i planen. I arbeidet har ein også sett på tiltak for kvar tur som:

- Parkering
- Dialog med grunneigar
- Skilting, rydding, vedlikehald og merking

Rute	Nr	Namn	Status	Brukstype	Område	Tilretteleggar
1.1	112	Fånefjell	Eksisterande	Fottur	Sørsida - vesle Fånefjell	Bygland kommune
1.2	108	Utsikten	Eksisterande	Fottur	Årdal kyrkje - Utsikten	Bygland kommune
1.3	106	Tjuvhola	Eksisterande	Fottur	Neset - Tjuvhola	Bygland kommune
1.4	104	Horjeknipen	Eksisterande	Fottur	Senum - Horgeknipen	Bygland kommune
1.5	107	Bjørndalsfjell	Eksisterande	Fottur	Hovstad - Olavsfjell/Bjørndalsfjell	Bygland kommune
1.6	141	Reiårsfossen	Eksisterande	Fottur	Rv9 - Reiårsfossen	Bygland kommune
1.7	101	Årdalsknappen sør	Planlagt	Fottur	Vassend - Årdalskapen	Bygland kommune
1.8	103	Toppfjell nord	Planlagt	Fottur	Revsnes - Toppfjell	Bygland kommune
1.9	109	Landeskogenstranda	Planlagt	Fottur	Landeskogen - Odden	Bygland kommune
1.10	110	Longeraksdammen	Planlagt	Fottur	Longerak kraftstasjon - Longeraksvatnet	Bygland kommune
1.11	111	Snipa	Planlagt	Fottur	Longerak - Snipa	Bygland kommune
1.12	113	Fånefjell nord	Planlagt	Fottur	Nordsida - vesle Fånefjell	Bygland kommune
1.13	114	Presteneset	Planlagt	Fottur	Presteneset	Bygland kommune
1.14	116	Libakk	Planlagt	Fottur	Presteneset - Hvile	Bygland kommune
1.15	117	Byglandslia	Planlagt	Fottur	Presteneset - Byglandslia	Bygland kommune
1.16	118	Bjønnåna	Planlagt	Fottur	Kryssing Bjønnåna	Bygland kommune
1.17	140	Stasjonsområdet	Planlagt	Fottur	Strandgata - rv9	Bygland kommune
1.18	137	Heistad lysløype	Eksisterande	Skitur	Kort lysløype	Bygland idrettslag
1.19	138	Tangen	Eksisterande	Skitur	Oppkøyrd løyper med løypemaskin	Bygland idrettslag
2.1	-	Langeid - Kvinen	Eksisterande	Fottur	Langeid – Tjønndalen – Gaukhei – Josephsbu – Kvinen (Sirdal)	DNT
2.2	-	Kvinen - Lakkenstova	Eksisterande	Fottur	Kvinen (Sirdal) – Lakkenstova (Åseral)	DNT
2.3	-	Langevatndammen – Josephsbu	Eksisterande	Fottur	Langevatndammen (Åseral) - Pytten – Josephsbu	DNT
2.4	-	Gaukhei - Bortelid	Eksisterande	Fottur	Gaukhei – Bortelid (Åseral)	DNT
2.5	-	Gaukhei - Langevatndammen	Eksisterande	Fottur	Gaukhei – Langevatndammen (Åseral)	DNT
2.6	-	Gaukhei - Øyuvsbu	Eksisterande	Fottur	Gaukhei – Øyuvsbu (Valle)	DNT
2.7	-	Tjønndalen – Øyuvsbu	Eksisterande	Fottur	Tjønndalen – Øyuvsbu (Valle)	DNT
2.8	-	Langeid - Kvinen	Eksisterande	Skitur	Langeid – Tjønndalen – Gaukhei – Kvinen (Sirdal)	DNT
2.9	-	Øyevatnet - Steigilsvatnet	Eksisterande	Skitur	Øyevatnet – Josephsbu - Steigilsvatnet	DNT
2.10	-	Gaukhei - Langevatndammen	Eksisterande	Skitur	Gaukhei – Langevatndammen (Åseral)	DNT
2.11	-	Vestre Langsvatnet - Bortelid	Eksisterande	Skitur	Vestre Langsvatnet – Bortelid (Åseral)	DNT
2.12	-	Ånebjør - Bortelid	Eksisterande	Skitur	Ånebjør – Bortelid (Åseral)	DNT
2.13	-	Gaukhei – Øyuvsbu	Eksisterande	Skitur	Gaukhei – Øyuvsbu (Valle)	DNT

12 TILTAKSPLAN

12.1 Oppfølging av planen


Bygland kommune har hovudansvaret for at tiltaka i planen blir gjennomført. Når det gjeld fysiske tiltak på ulike ferdselsårer, er det berre der frivillige ønskjer å ta på seg arbeidet med tilrettelegging at tiltaka kan bli gjennomført.

Kommune skal bidra med rådgjeving, koordinering, grunneigardialog, skiltbestillingar og ved å løyve tilskot til tiltaka.

Skal ein lukkast med eit godt nett av ferdselsårer over tid, er det viktig at skilta og merka turruter blir halde ved like. Det krev årleg tilsyn, og eit godt samarbeid mellom frivillige, lag og organisasjonar, grunneigarar og kommunen. Bygland kommune må søkje på eksterne midlar som kan brukast til skilting, merking og vedlikehald av løypenettet. Fylkeskommunen set mellom anna av midlar til slike tiltak som ein kan søkje på.

Nokre av tilretteleggingstiltaka kan bli av ein slik storleik eller type at det er naturleg at kommunen tar på seg ei rolle som tiltakshavar, eller bidrar med finansiering utover mindre tilskot. Dette gjeld også der kommunen er eigar av turveggar eller andre friluftslivsanelegg som til dømes dagsturhytta og dei statleg sikra friluftsområda på Haugetveit (område for dagparkering) og Vassend (friluftsområde).

Berre der det ligg føre avtalar med grunneigarar kan tiltak på ein eigedom, utover det som er lov etter allemannsretten, bli gjennomført. Om det er behov for utbetring, vil dette berre bli aktuelt dersom grunneigar samtykkjer eller dersom kommunen gjer vedtak etter § 35 i friluftslvslova.



HAUGETVEIT - statleg sikra friluftsområde



VASSEND - statleg sikra friluftsområde

12.2 Slik gjer vi det

Tiltak	Tidsperspektiv	Kostnad
Marknadsføring		
Marknadsføre turstiane på kommunen sin heimeside	Kontinuerleg	Gjennomført i ordinær drift
Leggje ut fleire turar som er eigna til det på digitale turplanleggjarar som ut.no	Kontinuerleg	Gjennomført i ordinær drift
Oppdatere kunnskapsgrunnlag om friluftslivet sine ferdselsårer		
Kartlegge og registrere fleire turistar og andre ferdselsårer i kommunen	Kontinuerleg	Gjennomført i ordinær drift
Oppdatere kartgrunnlaget til Statens kartverk	Kontinuerleg	Gjennomført i ordinær drift
Utvide planen til også å gjelde ferdselsårer på sykkel	2028	Gjennomført i ordinær drift
Tilrettelegging		
Informere om tilskotsordningar for turveggar og turløyper	Kontinuerleg	Gjennomført i ordinær drift
Ta initiativ til å få på plass avtalar med frivillige lag om vedlikehald av viktige ferdselsårer der dette manglar	Kontinuerleg	Gjennomført i ordinær drift
Ta initiativ til og gi tilskot til tilrettelegging og merking av ferdselsårer	Kontinuerleg	Gjennomført i ordinær drift
Søke tilskot til statleg sikra friluftsområde	Etter behov	Eksterne midlar
Etablering av nettverk		
Faste møte mellom kommune og tilretteleggingsaktørar for ferdselsårene	Årleg	Gjennomført i ordinær drift



DAGSTURHYTTA UTSIKTEN Foto: Inger Siri Lidi

13 VURDERING AV INNSPEL TIL TRASÉAR

Det kom inn 60 innspel til ulike traséar. Nokre av traséane vart foreslått av fleire. I vedlegg 1 «Grovstilling av eksterne innspel» syner ei grovstilling av innspela basert på geografisk fordeling innafor kommunen, nærleik til bygdelaga, parkeringsmoglegheiter og tidlege signal frå grunneigarar. Dei traséane som vart med vidare etter grovstillinga, vart vidare vurdert med omsyn til truga artar og avklaring med grunneigarar.

Bygland kommune ser det som fornuftig at Reiårsvatn velforeining har dialog med grunneigarane, og ser at velforeininga legg til rette for ferdsel i området på ein god måte. Det er

ikkje tilrettelagt for parkering i nærleiken av ferdselsårene. Traséane i dette området er difor tatt ut av lista under.


Det er gjort ei enkel vurdering av forslaga til nye traséar. Dersom grunneigarar ikkje ønska merking og rydding av traséen, så har vi ikkje arbeid vidare med denne.

Planen inneheld ikkje prioritering av tiltak, så er det vurdert at det ikkje er behov for ei grundigare konsekvensutgreiing. Konklusjonen seier om traséen er med i planforslaget. Visualisert med grønfarge for positiv innstilling og raudfarge for negativ innstilling.


Nr	101	
Plassering/trasé	Årdalsnåpen sør Vassend - Årdalsnåpen	
Type	Fotrute	
Vurdering	Avklart med grunneigarar. Parkering ved oppvekstsenteret. Turen startar i nærleiken av busetnad og blir brukt mykje i dag.	
Konklusjon	Inngår i planen	

Nr	102	
Plassering/trasé	Toppfjell sør Vassend nord - Toppfjell	
Type	Fotrute	
Vurdering	Ikkje avtale med grunneigarar. Turen startar i nærleiken av busetnad. Den er bratt og ulent i starten.	
Konklusjon	Inngår ikkje i planen	

Nr	103
Plassering/trasé	Toppfjell nord Nord for Revsnes - Toppfjell
Type	Fotrute
Vurdering	Avklart med grunneigarar. Parkering ved odden nord for Revsnes etter avtale med grunneigar. Turen er eit godt alternativ til den sørlege ruta til Toppfjell.
Konklusjon	Inngår i planen




Nr	104
Plassering/trasé	Horjeknipen Senum - Horknipen
Type	Fotrute
Vurdering	Avklart med grunneigarar. Tidlegare merka trasé. Parkering langs privat veg. Grunneigar ønskjer merking av parkeringa. Starten av traséen ligg i Evje og Hornnes kommune.
Konklusjon	Inngår i planen




Nr	105
Plassering/trasé	Årdalsnåpen nord Neset - Årdalsnåpen
Type	Fotrute
Vurdering	Ikkje avtale med grunneigarar. Tidlegare merka trasé. Mykje brukt tursti.
Konklusjon	Inngår ikkje i planen




Nr	106
Plassering/trasé	Tjuvhola Neset - Tjuvhola
Type	Fotrute
Vurdering	Avklart med grunneigarar. Tidlegare merka trasé. Parkering opparbeidd av Statens vegvesen. Turen startar i nærleiken av Neset camping. Mykje brukt tursti.
Konklusjon	Inngår i planen




Nr	107
Plassering/trasé	Bjørndalsfjell Årdal kyrkje - Bjørndalsfjell
Type	Fotrute
Vurdering	Avklart med grunneigarar. Parkering ved Årdal kyrkje. Lengre rute gjennom busetnad i Grendi og turterreng. Turen er ny, men er allerede rydda og merka.
Konklusjon	Inngår i planen




Nr	108
Plassering/trasé	Utsikten Årdal kyrkje – Landeskogen - Utsikten
Type	Fotrute
Vurdering	Avklart med grunneigarar. Tidlegare merka trasé. Dagsturhytta er plassert her. Parkering ved Årdal kyrkje. Turen startar i nærleiken av busetnad og blir mykje brukt.
Konklusjon	Inngår i planen




Nr	109
Plassering/trasé	Landeskogenstranda Årdal kyrkje - Landskogen - Landskogenstranda
Type	Fotroute
Vurdering	Avklart med grunneigarar. Parkering ved Årdal kyrkje. Turen startar i nærleiken av busetnad og går i nærleiken av Dagsturhytta.
Konklusjon	Inngår i planen




Nr	110
Plassering/trasé	Longeraksdammen Longerak - Longeraksdammen
Type	Fotroute
Vurdering	Avklart med grunneigarar. Parkering på snuplass. Viktig å ta omsyn til tømmerdrift. Turen startar i nærleiken av busetnad og går langs landbruksveg.
Konklusjon	Inngår i planen




Nr	111
Plassering/trasé	Snipa Longerak - Snipa
Type	Fotroute
Vurdering	Avklart med grunneigarar. Parkering på snuplass. Grunneigar skiltar ved tømmerdrift. Turen startar i nærleiken av busetnad og går langs landbruksveg.
Konklusjon	Inngår i planen




Nr	112
Plassering/trasé	Fånefjell sør Sørsida av tunnelen – Fånefjell
Type	Fotrute
Vurdering	Avklart med grunneigarar. Tidlegare merka trasé. Vurdering av truga art er gjort - oppfordre om lite ferdsel i enkelte periodar. Parkering opparbeidd av Statens vegvesen. Turen blir mykje brukt.
Konklusjon	Inngår i planen



Nr	113
Plassering/trasé	Fånefjell nord Nordsida av tunnelen - Fånefjell
Type	Fotrute
Vurdering	Avklart med grunneigarar. Tidlegare merka trasé. Parkering opparbeidd av Statens vegvesen. Turen blir mykje brukt.
Konklusjon	Inngår i planen



Nr	114
Plassering/trasé	Presteneset Parkeringsplass - Båthamna
Type	Fotrute
Vurdering	Kommunal grunn. Parkering i området. Nærtur i Bygland sentrum.
Konklusjon	Inngår i planen




Nr	115	
Plassering/trasé	Flyvraket Vestsida/Mele - Flyvraket	
Type	Fotrute	
Vurdering	Ikkje avtale med grunneigarar. Tidlegare merka trasé. Turen startar ved fv 3778 går til restar av flyvrak frå 2. verdskrig. Turen blir mykje brukt.	
Konklusjon	Inngår ikkje i planen	


Nr	116	
Plassering/trasé	Libakk Presteneset – Prestlidi - Hamren	
Type	Fotrute	
Vurdering	Avklart med grunneigarar. Parkering ved Presteneset. Nærtur i Bygland sentrum.	
Konklusjon	Inngår i planen	

Nr	117	
Plassering/trasé	Byglandslia Presteneset – Prestlidi - Byglandslia	
Type	Fotrute	
Vurdering	Avklart med grunneigarar. Parkering ved Presteneset. Turen går langs landbruksveg og til utsiktspunkt. Turen er mykje brukt.	
Konklusjon	Inngår i planen	


Nr	118
Plassering/trasé	Bjønnåna Presteneset – Prestlidi – Byglandsliå - Rindane
Type	Fotroute
Vurdering	Avklart med grunneigarar. Tilrettelegging av bru over Bjønnåna. Parkering ved Presteneset. Del av ein mykje brukt tursti.
Konklusjon	Inngår i planen



Nr	119
Plassering/trasé	Drøymarnuten Bygland sentrum – Rindane - Drøymarnuten
Type	Fotroute
Vurdering	Ikkje avtale med grunneigarar. Tidlegare merka trasé. Turen startar i nærleiken av busetnad og går til utsiktspunkt. Turen er mykje brukt.
Konklusjon	Inngår ikkje i planen



Nr	120
Plassering/trasé	Kvålsnåpen vest Nese - Kvålsnåpen
Type	Fotroute
Vurdering	Ikkje avtale med grunneigarar. Tidlegare merka trasé. Turen startar i nærleiken av busetnad går til utsiktspunkt. Turen er mykje brukt.
Konklusjon	Inngår ikkje i planen




Nr	121	
Plassering/trasé	Kvålsnåpen aust Bygland sentrum – Ryssli - Kvålsnåpen	
Type	Fotrute	
Vurdering	Ikkje avtale med grunneigarar. Turen startar i nærleiken av busetnad og går til utsiktspunkt. Turen er mykje brukt.	
Konklusjon	Inngår ikkje i planen	


Nr	122	
Plassering/trasé	Vikfjell Segberg - Vikfjell	
Type	Fotrute	
Vurdering	Konflikt med truga artar. Turen går frå skogsbilveg og til utsiktspunkt. Parkering er ikkje avklart. Mindre brukt turveg.	
Konklusjon	Inngår ikkje i planen	

Nr	123	
Plassering/trasé	Skore Fv3804 - Skore	
Type	Fotrute	
Vurdering	Konflikt med truga artar, beitedyr, parkering (samla belastning). Turen går frå fv3804 og til eldre gardstun med fin utsikt. Parkering er ikkje avklart. Mykje brukt turveg.	
Konklusjon	Inngår ikkje i planen	


Nr	124
Plassering/trasé	Skorsfjell/Dansarplattingen Austad – Skorsfjell/Dansarplattingen
Type	Fotrute
Vurdering	Konflikt med truga artar. Turen går frå skogsbilveg til utsiktspunkt. Parkering er ikkje avklart. Mykje brukt turveg.
Konklusjon	Inngår ikkje i planen




Nr	125
Plassering/trasé	Sordalsheii Sordal - Sordalsheii
Type	Fotrute
Vurdering	Konflikt med truga artar. Turen startar i nærleiken av busetnad og går til utsiktspunkt. Parkering er ikkje avklart. Turen er lite brukt i dag..
Konklusjon	Inngår ikkje i planen



Nr	137
Plassering/trasé	Heistad lysløype Heistad
Type	Skiløype
Vurdering	Grunneigaravtalane er gått ut. Lysløypa er i bruk. Grunna utfordrande snøtilhøve, er den ikkje tatt med i kommuneplanen sin arealdel. Parkering langs fylkesveg. Aktivt brukt av Bygland IL og dei som bur i nærområdet.
Konklusjon	Inngår i planen




Nr	138
Plassering/trasé	Tangen Tangen/Jordalsbø
Type	Skiløype
Vurdering	Bygland IL har avtale med nokre grunneigarar. Det blir køyrt med løypemaskin i området i regi av idrettslaget. Parkering er avklart. Aktivt brukt.
Konklusjon	Inngår i planen



Nr	139
Plassering/trasé	Nesmoen Nesmoen rundtur
Type	Fotrute
Vurdering	Kommunal grunn, men i konflikt med anna bruk av området. Turen er lite brukt i dag.
Konklusjon	Inngår ikkje i planen




Nr	140
Plassering/trasé	Stasjonsområdet Bjoren båthus – Ytre Kilen
Type	Fotrute
Vurdering	Avtale med grunneigarar (utanom leilegheitene langs fjorden) i ein tidlegare prosess. I reguleringsplan med planid 202203 er det gangveg regulert langs leilegheitene. Parkering på parkeringsplass i krysset rv9/Strandgata, ved oppvekstsenteret eller på stasjonsområdet. Nærtur i Byglandsfjord sentrum. Turen er mykje brukt.
Konklusjon	Inngår i planen



Nr	141
Plassering/trasé	Reiársfossen Rasteplass rv9 - Reiársfossen
Type	Fotroute
Vurdering	Avtale med grunneigar. Parkering på rasteplass. Flott utsiktspunkt til fossen.
Konklusjon	Inngår i planen




Nr	142
Plassering/trasé	Urdeviki klatreområde Massetak - Urdeviki
Type	Fotroute
Vurdering	Ligg nærme leirduebanen som er ei mogleg konflikt. Lang avstand til busetnad. Parkering bør bli utbeta.
Konklusjon	Inngår ikkje i planen




Nr	143
Plassering/trasé	Ellingstjønn /"Preikestolen" Ellingstjønn - Preikestolen
Type	Fotroute
Vurdering	Lang avstand til busetnad. Ikkje funne eigna trasé. Parkering bør bli utbeta.
Konklusjon	Inngår ikkje i planen




Nr	144
Plassering/trasé	Falkenut Birkeland - Falkenut
Type	Fotrute
Vurdering	Lang avstand til busetnad. Parkering er ikkje avklart. Turen går frå kommunal veg til utsiktspunkt. Turen er lite brukt i dag.
Konklusjon	Inngår ikkje i planen




Nr	145
Plassering/trasé	Ørnenapen Rv9 nord for Lauvdal - Ørnenapen
Type	Fotrute
Vurdering	Ikkje avtale med grunneigarar. Noko avstand til busetnad. Turen går frå fv9 til utsiktspunkt. Parkering er tilrettelagt. Mykje brukt tursti.
Konklusjon	Inngår ikkje i planen




Nr	146
Plassering/trasé	Bygland ljosløype Eksisterande ljosløype i Bygland sentrum
Type	Skiløype
Vurdering	I konflikt med infrastruktur med kryssing av vegar, dårlege snøtilhøve. Mogleg å tenkje avgrensa løype med tanke på dei minste borna. Parkering ved kommunehuset. Delvis brukt i dag.
Konklusjon	Inngår ikkje i planen




Nr	147
Plassering/trasé	Bygland sykkeløype Eksisterende lysløype i Bygland sentrum
Type	Sykkeløype
Vurdering	I konflikt med infrastruktur. Parkering ved kommunehuset. Har potensiale som kort skiløype for mindre barn etter avtale med KVS. Fokus på fotruter og skiløyper i planen.
Konklusjon	Inngår ikkje i planen



Nr	148
Plassering/trasé	Pytten Ådalen (Åseral) – Pytten – Storevatn (Åseral)
Type	Skiløype
Vurdering	Ønskje om til rettelegging for dagsturar til Pytten. Mål om å samle ferdselen i dalen og unngå høgdedraga for å skåne villreinen. I samråd med SFA og SVR blir traséen lagt inn i tråd med DNT sitt løypenett.
Konklusjon	Inngår ikkje i planen



Nr	149
Plassering/trasé	Vassend sykkeløype Vassend
Type	Sykkeløype
Vurdering	Fokus på fotruter og skiløyper i planen. Godt innspel som vi gjerne ser på i eit eige prosjekt.
Konklusjon	Inngår ikkje i planen





Bygland kommune

Sentrum 18

4745 Bygland

37 93 47 00

www.bygland.kommune.no



UTSIKT FRÅ BJØRNDALEN Foto: Inge Olav Fjalestad